



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

25.10.2023

Vår ref:

2023/13558

Dykkar dato:

04.09.2023

Dykkar ref:

202202784

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til konsesjonssøknad for Bergselva kraftverk i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren vurderer at ei utbygging av Bergselva kan gjennomførast med akseptable inngrep i naturmiljø og friluftsinteresser, men at planlagt vassuttak er i høgste laget med tanke på påviste naturverdiar ved elva.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for Bergselva kraftverk.

Omtale av søknaden

Bergselva kraftverk er planlagt inntak på kote 470, nedgraven røyrgate, og kraftstasjon med avløp på kote 124. Utbygginga vil redusere vassføringa på ei 1885 meter lang elvestrekning. Maksimal slukeevne er på 2,61 gongar middelvassføringa. Planlagt minstevassføring er på 5-persentilnivå, differensiert for sommar og vinter. Estimert årleg energiutbytte er 6,5 GWh. Ei utbygging vil bidra til å nå målet om meir grøn energi.

Vår vurdering

Naturtypar er kartlagt etter ny metodikk, og i tillegg ble det supplert med kartlegging etter DN-handbok 13 når det gjaldt naturtypar som ikkje blei fanga opp av den nye instruksen. Feltarbeidet blei utført 11. og 13. september 2021. Det er kommentert i rapporten at dette er utanom hekkesesong for fugl, og det er òg for seint til å kartleggje karplantebloomstring. Ut over dette har vi ikkje merknader til naturmiljøkartlegginga.

Det blei påvist seks naturtypelokalitetar, og derav ein som vil bli negativt påverka av ei utbygging i Bergselva. Dette gjeld førekomsten av fossepåverka berg ved Skormafossen, med moderat lokalitetskvalitet. Naturtypelokaliteten inneheld små areal med fosseberg, som er ein sårbar naturtype, og dette gjer at delområdet får stor verdi. Sterkt redusert vassføring etter utbygging vil redusere fossesprøyten, og truleg vil dei mest fossepåverka delane av berget gro att. Konsekvensen for lokaliteten er vurdert til *betydeleg miljøskade* (--) i miljørapporten. Elvevassmassar er ein raudlista naturtype (nær truga – NT) etter dei nye kriteria, og ei utbygging vil sjølvstøtt påverke denne naturtypen negativt.

Naturbeitemarka [BN00017839 Selje](#) var den einaste kjende naturtypelokaliteten i influensområdet før den nye kartlegginga. Røyrkata vil gå gjennom denne lokaliteten, som no viser seg å vere

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



øydelt av gjødsling og gjengroing, slik at verdiane som kunne blitt påverka må reknast som sterkt reduserte. Samla konsekvens av utbygginga er vurdert til noko negativ i naturmiljørapporten, då heile området er prega av eksisterande inngrep, og belastninga berre vil auke i mindre grad.

Kongeørn hekkar truleg i området, og det er lagt opp til at den mest støyande anleggsaktiviteten (sprenging) i øvre del av utbyggingsområdet skal gjennomførast utanfor hekkesesongen, som normalt er frå februar/mars og fram til starten av juli. Det bør stillast krav om dette i konsesjonen.

Utbyggingsstrekninga ligg i Vann-nett som vassførekomst [083-60-R Skormafossen](#), med god miljøtilstand. Vi minner om at nye inngrep som kan føre til at miljømåla for vassførekomst ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir forringa, skal vurderast etter § 12 i vassforskrifta.

Vi legg generelt til grunn at alle tiltak blir planlagt med minst mogleg nye inngrep i natur og dyrka mark, at det blir stilt krav om god terrengtilpassing for alle anlegg, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp. Dette inneber bruk av lokale massar, lokalt plantemateriell og med naturlege førekomst på staden som førebilete.

Det er planlagt å byggje 550 meter anleggsveg til inntaket, frå eksisterande skogsbilveg. Etter byggjefasen vil anleggsvegen bli gradert ned til køyresterkt terreng. Ut frå kart/flyfoto og bilete i søknaden, ser strekninga ut til å liggje eksponert i eit trelaust landskap. Her må det stillast tydelege føringar i ein eventuell konsesjon om at vegutbygginga må skje skånsamt, og med minst mogleg varige landskapsinngrep. Øvre del av Bergselva ligg i eit viktig friluftslivsområde, [FK 00044071 Bergsheia](#), og både nye inngrep, og redusert vassføring etter utbygging, vil vere negativt for turopplevinga.

Planlagt slukeevne på over to og ein halv gonger middelvassføringa er litt høg samanlikna med det som har vore vanleg for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Høg utnyttingsgrad vil redusere den naturlege dynamikken i Bergselva i relativt stor grad, og færre og mindre flaumar gjennom året vil redusere naturverdiane ved Skormafossen. Vår vurdering er at utnyttingsgraden er i høgste laget, særleg på grunn av fosseberglokaliteten ved Skormafossen, men at planlagt minstevassføring på 5-persentilnivå, differensiert mellom sommar og vinter, vil representere representative lågvassføringsverdiar gjennom året. Noko lågare utnytting vil òg vere positivt for friluftinteressene, og for fugleartar som fossefall, strandsnipe og vintererle som kan hekke, eller i alle fall drive næringssøk, ved/i elva.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Sunnfjord kommune

Vestland fylkeskommune

Postboks 338

Postboks 7900

6802

5020

FØRDE

BERGEN